



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 1. halvår 2020



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det første halvåret av 2020

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Januar

Frå nyttårsaftan og fram til 5. januar vart det festa for den nye kommunen. Det vart arrangert formell overtaking nyttårsaftan, nyårskonsert nyttårsdag, personalsamling, stor folkefest 4. januar, korslag og felles gudsteneste 5. januar. Her er nokre bilete frå festdagane:



Markerte gjennomslag for kabeltunnel for Sotrasambandet



Ordførar Tom Georg Indrevik trykte på knappen, og det smalt godt inne i kabeltunnelen då den siste salva vart sprengt for kabeltunnelen mellom Knarrvika og trafostasjonen på Litlesotra den 16. januar. Heile prosjektet har ei ramme på om lag ein halv milliard kroner. Dette er den andre og siste av to tunnelar mellom Breivik i Droningsvik og trafostasjonen på Litlesotra.

Avduking av kvalskulptur: - Eg trur på framtida

15 år gamle Jenny Vindenes ser ingen grunn til å gje opp sjølv om ho i talen sin på Vindenes den 28. januar understreka at havet er full av plast. Ordførar Tom Georg Indrevik drog av presenningen og avduka kvalskulpturen Kjetting-Jan (Jan Vindenes) har laga og som står plassert ved inngangen til Sotra Gruppen.



Lokaliserer barnevernet på Straume

I januar konkluderte kommunedirektør Rune Lid har med at barnevernet skal lokalisast i femte etasje på Sartor Storsenter der barnevernet for Fjell og Sund har halde til dei siste åra. Einingsleiar i barnevernet, Bård Tyldum, opplyste at det skal etablerast fleire team som skal serva dei ulike sonene i kommunen. Desse teama skal arbeida tett med samarbeidsinstansar knytt til sonene og sikra lokalkunnskap og nærtene.

Atle Dåvøy vart vald som varaordførar



Med 27 røyster valde kommunestyret den 30. januar Atle Dåvøy (KrF) som varaordførar den tida Torill Selsvold Nyborg (KrF) møter fast som stortingsrepresentant.

Den andre dagen av kommunestyreseminaret på



Panorama Hotell & Resort var prega av drøfting av byvekstavtalen som skal sluttbehandlast av fylkestinget og kommunestyra i Bergen, Øygarden, Askøy, Alver, Bjørnafjorden. Lars Sponheim gav signal om konsekvensane av å seia nei til avtalen.

- Dersom ein kommune som Øygarden seier nei til avtalen, spør det om det vert nokon byvekstavtale for denne regionen, sa Sponheim

- Oppgåva er å gje hjelp til å stilla spørsmål

Han kan neppe seiast å vera ein gjennomsnitts høgskulelektor, Magnus Nohr, som heldt gjesteførelsesing på Digg Læring-konferansen 2020 på Knappskog skule den siste dagen i januar. Dei 450 deltakarane fekk mange konkrete råd om bruk av digitale verktøy i skulekvardagen.



Februar



Tre utval konstituerte seg

Den 11. februar var det konstituering av tre utval. Ungdommens kommunestyre skal leiast av Karoline Sæle Einevoll, råd for menneske med funksjonsnedsetting (bilete) skal leiast av Ernst Einarsen medan Sverre Bungum vart vald til leiar av eldrerådet.

Øygarden kommune sa ja til byvekstavtale

Kommunestyret vedtok den 21. februar, med 31 mot 14 røyster, å seia ja til byvekstavtalen. Dermed hadde fylkeskommunen og alle dei involverte fem kommunane i bergensregionen (Bergen, Askøy, Alver, Bjørnafjorden og Øygarden) godkjent avtalen. Byvekstavtalen inneber at staten forpliktar seg til å bidra med 13,3 milliardar kroner (2020-kroner) gjennom avtaleperioden 2019-2029. For Øygarden kommune utgjer dette eit årleg gjennomsnitt på 41,9 millionar kroner i avtaleperioden.

Bilete: Mellom prøveavrøystinga og endeleg avrøysting, hadde Arbeidarpartiet gruppemøte.



Ein krevjande økonomisk situasjon – rekneskap 2019

Rekneskapa for 2019 som no er avslutta viser at Fjell kommune, Sund kommune og gamle Øygarden kommune hadde samla sett eit negativt netto driftsresultat på kr 123,4 millionar kroner i 2019. Kommunalsjef Anne Erdal skriv at samla meirforbruk er kr 43,2 millionar kroner som må dekkjast inn av disposisjonsfond i 2020. Dette vil redusera samla disposisjonsfond til kr 105 millionar kroner. - Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 millionar kroner i disposisjonsfond for å ha nok reserver til å dekkja svingingar i økonomien, skriv kommunalsjefen.

Stor støtte til krav om å prøva ut snøggbåt



Mathilde Sæle på Vindenes har fått nærare to tusen underskrifter på Opprop.net i kravet om å få prøvd ut snøggbåt mellom Ågotnes og sentrum. I februar presenterte ho visjonen sin for ordførar Tom Georg Indrevik. I oppropet skriv ho at ho ønskjer at sjøvegen skal takast i bruk i staden for å sitja ein og ein halv time i kø. Mathilde Sæle meiner at ein snøggbåt vil redusera køane og gje strilane meir tid til familien og mindre tid i køen.

Bilete, frå venstre; Tom Georg Indrevik, Torbjørn Dalland

Næss (kjæreste med Mathilde) og Mathilde Sæle.

Fire grupperingar er interesserte i å byggja Sotrasambandet

Statens vegvesen har registrert fire kvalifiseringssøknader riksveg 555 Sotrasambandet. Dette er den største enkelståande samferdslekontrakten i Noreg nokonsinne. OPS-kontrakten har ein verdi på 10 milliardar kroner. Dei fire grupperingane er VINCI Concessions SAS, FCC Concesiones de Infraestructuras S.L.U, China Communications Construction Company Ltd. Og ITINERA SPA



Mars

Tek ikkje forvaltningsrevisjon av innkjøpsområdet



Den 3. mars samla kontrollutvalet seg om at det ikkje vil gjennomføra ein forvaltningsrevisjon av innkjøpsområdet. Til møtet låg det forslag om å gjennomføra forvaltningsrevisjon og be Deloitte om å laga ein prosjektplan innan utgangen av mars. Leiar av kontrollutvalet, Mons Tore Nakken, sa at kommunedirektør Rune Lid gav ein god gjennomgang og at arbeidet med innkjøp vert teke på alvor. Difor vart kontrollutvalet samde om å slutta seg til innstillinga. Veka etter vart det kjent at

ei rettsleg vurdering slår fast at kommunedirektør Rune Lid ikkje er inhabil til å behandla saker knytt til rammeavtalar inngått og nytta i tidlegare Sund kommune som følgje av at han tidlegare var rådmann der.

Stengde alle skulane

Kommuneleiinga i Øygarden avgjorde den 12. mars at alle skular og barnehagar i kommunen skulle stengjast for undervisning. Bakgrunnen for dette var utbrotet av koronaviruset og statlege pålegg.

Ordførar Tom Georg Indrevik sa at det er nødvendig å gjennomføra dette tiltaket.

- Dette er drastiske tiltak, men dette må gjennomførast for i størst mogleg grad å redusera smittespreiinga, sa ordføraren den dagen då «Noreg stengde ned». *Ilffoto.*



Gjennomførte mange drastiske tiltak

Same dag 12. mars og dagane som følgde gjennomførte den kommunale kriseleiinga ei rekkje tiltak for å redusera smittespreiinga. I tillegg til skular og barnehagar, vart kommunale idrettsanlegg, gymnastikksalar og symjebasseng stengde. Det same gjaldt biblioteka, kommunale kantiner, møteverksemd, kulturarrangement, idrettsarrangement m.m. Frå 13. mars vart sjukeheimane og heildøgns omsorgsbustader stengde for besøk. Det var strenge kriterium for besøk på omsorgsbustader utan heildøgnsbemanning. Mange tenester måtte stengjast eller reduserast som følgje av den kritiske situasjonen. Skulane la til rette for fjernundervisning (heimeundervisning). Etter annonsering tok over hundre personar kontakt med kommunen den første dagen der dei melde at dei kunne ta på seg oppgåver i helse og omsorg.

Den 19. mars vart det etablert pandemilegevakt i Sotra Arena. I slutten av mars vart det bygd opp koronaavdeling i ein av fløyane i Øygarden lokalmedisinske senter. Leikeplassar og uteområdet ved idrettsanlegg var stengde mellom 23. mars og 15. april.

Ved utgangen av juni var det totalt registrert 55 personar frå Øygarden med koronasmitte. Den siste registrerte smitta personen frå Øygarden var den 19. mai.

Ranveig Frøiland døde 16. mars



I midten av mars kom meldinga om at mangeårig nasjonal- og kommunepolitikar Ranveig Frøiland var død.

- Det var trist og vemodig å få melding om at Ranveig Frøiland ikkje lenger er blant oss. Det er eit stort tomrom etter Ranveig som har sett store spor etter seg i politikken, både nasjonalt og lokalt, skreiv ordførar Tom Georg Indrevik i minneordet.

April

Arbeidsgruppe skal utarbeida forslag til krisepakke



Formannskapet vedtok den 1. april å oppretta ei arbeidsgruppe på seks personar som skal førebu arbeidet med å leggja fram ein lokal tiltakspakke knytt til koronakrisen. Den lokale pakken kan inngå i ein eventuell nasjonal tiltakspakke. Formannskapet, som vart avvikla som videomøte, slutta seg til forslag frå ordføraren om at gruppa skal vera samansett av seks personar. Den 16. april vedtok formannskapet tiltakspakken. *Biletet viser to av medlemene i gruppa; dagleg leiar i Vest Næringsråd og ordførar Tom Georg Indrevik.*

- Endeleg tilbake i barnehagen!

Frå den 20. april opna barnehagane etter at dei hadde vore stengde sidan 12. mars. Fem år gamle Mathias Sanden Bjørsvik var klar for å møte dei andre barna i Tussetjødna barnehage i dag.

- Endeleg, no har eg vore heime i ein månad og fem dagar. Det er lenge, sa Mathias (biletet).



Presenterte oppskrift til munnbind



Helsestyresmaktene har ikkje pålagt oss å bruka munnbind, men nokre av oss kan tenkja oss å bruka munnbind på bussen, butikken eller andre stader der vi kjem tett på folk. Lege på Øygarden lokalmedisinske senter, Micaela Thierley (biletet), snakka engasjert og varmt om dei sjølvproduserte munnbinda ho og andre medarbeidarar på senteret hadde sydd. Line Fjellheim, som mellom anna arbeider på koronaavdelinga, har laga oppskrift for munnbind.

Lanserte Vekstportalen

Den 23. april presenterte Vest Næringsråd og Øygarden kommune i samarbeid Vekstportalen. Informasjonsportalen skal vera ein ressurs for næringslivet, og er ei nettside for bedrifter, lag og organisasjonar som er hardt ramma av koronakrisa. Sida er oppretta som eit samarbeid mellom Øygarden kommune og Vest Næringsråd.

Øygarden kommune skal ta inn 20 nye lærlingar

Formannskapet gjekk den 23. april inn for at Øygarden kommune skal ta inn 20 nye lærlingar. Kommunestyret gjorde endeleg vedtak i slutten av mai. I dag har kommunen totalt 97 lærlingar fordelt på seks fag. Kostnaden med 20 lærlingar for to år er 8,7 millionar kroner. Vedtaket var ei oppfølging av tiltakspakke fase 1 knytt til koronaviruset.

Glad for å vera tilbake på skulen

Agnes Sofie Helle (3. klasse) var glad for å vera tilbake på Tjeldstø skule den 27. april etter å ha vore i koronakarantene sidan 12. mars. - Det er gøy å koma tilbake. Då får eg treffa venene mine, sa Agnes Sofie.

- No vert det meir uteskule enn vanleg. Så sant véret tillet det, vert dei ein heil dag ute på kvar klasse kvar veke, sa rektor Linda Færestrand.



Mai

Verdige markeringar av frigjerings- og veterandagen



Den 8. mai, 75 år sidan frigjeringa i 1945, var det markeringar fem stader i Øygarden kommune. Det avslutta med markering i Telavåg. Ordførar Tom Georg Indrevik viste til dei katastrofale følgjene krigen fekk for innbyggjarane i Telavåg. Han sa at vi minnest alle dei som fekk livet øydelagt eller rive bort. Tidlegare på dagen var det markering ved Hjelme kyrkje, Blomvåg kyrkje, Fjell kyrkje og Fjell festning. Biletet er frå markeringa i Telavåg.

Regjeringa godkjende plan for Smålonane

Den 12. mai godkjende Kommunal- og moderniseringsdepartementet reguleringsplanen for Smålonane på Straume. Saka hamna i departementet etter at Fjell kommunestyre i februar 2019 godkjende planen utan å ta motsegner frå Fylkesmannen og fylkeskommunen til følgje. Fylkesmannen og fylkeskommunen grunngav motsegnene med at planen kom i konflikt med regional føresegn for handel i Regional plan for attraktive senter i Hordland.

Klar for undervisning på skulen

Dei 150 elevane i 10. klasse på Fjell ungdomsskule var den 11. mai tilbake skulen i dag etter åtte veker med heimeundervisning. - Det var mange smil å sjå i dag. Vi er svært glade for å koma i gjenge igjen og få oppleva liv og røre, sa rektor Bente Kleppe Lervik.

Biletet frå venstre; Karoline Sæle Einevoll, Ava Zandstra, Kjersti Vigdel og Sara Sekkingstad.



Ei annleis, men minneverdig 17. mai-feiring



17. mai-feiringa i Øygarden vart annleis i år. Trass i kald nordavind og knapt nok 10 grader, var det godt bunadsvær og mange hadde funne vegen ut langs vegane for å sjå fire kortesjar i nord, aust, vest og sør. I kortesjane deltok om lag 200 køyretøy. - Det var ei verdig markering og ein viktig tradisjon vi må ta vare på, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

No handlar det om å handla i Øygarden

- Det er berre når det er høgst nødvendig at eg reiser ut av kommunen for å handla. Det sa kunde Olav Oen då ordførar Tom Georg Indrevik og dagleg leiar i Vest Næringsråd, Rikard Toft Ledang, reiste til tre senter i Øygarden den 19. mai for å markera starten på kampanjen «Takk for at du handlar i Øygarden».



Juni

- Desse har utført eit viktig samfunnsoppdrag



Mange medarbeidarar i kommunen har hatt ekstraoppgåver og store omleggingar av arbeidskvardagen som ein konsekvens av koronaviruset. Den 9. juni vart reinhaldarane heidra for innsatsen deira sidan Noreg vart «stengd ned» i midten av mars. Ordførar Tom Georg Indrevik roste medarbeidarane for den viktige jobben deira i den krevjande tida. Han også understreka det viktige samfunnsoppdraget reinhaldet har hatt og vil ha framover.

Delte ut fem miljøfyrtårnsertifikat

Ordførar Tom Georg Indrevik fekk æra av å dela ut fem miljøfyrtårnsertifikat den 12. juni. Miljøfyrtårn er eit verktøy for sertifisering og miljøleing som skal hjelpe bedrifter til å lukkast med den grønne omstillinga. Biletet viser ordførar Tom Georg Indrevik som overrekkjer miljøfyrtårnsertifikat til dagleg leiar i Barnas Hus på Sartor Storsenter, Mette Grimseid Madsen.




Første møte i beredskapsrådet for den nye kommunen



Representantar frå kommunen og ei rekkje beredskapsaktørar var den 15. juni samla på det første beredskapsmøtet for den nye kommunen. Fleire av dei eksterne aktørane takka kommunen for initiativet med etablera beredskapsråd. Det er semje om at det er behov for eit beredskapsråd. De vert innkalla til eit nytt møte i september.

Takka for godt arbeid med plan- og byggesaker

I midten av juni inviterte ordførar Tom Georg Indrevik og leiar i utval for plan, Svein Otto Jacobsen, dei tilsette i plan, geodata og oppmåling og byggesak, tilsyn og miljøforvaltning til kaker og kaffi i kultursalen på rådhuset. Omlegging og bruk av ekstraressursar for å få behandla sakene, har gjeve resultat. - Det er gjort ein formidabel jobb dei siste vekene, sa ordføraren.



Vedtøk revidert budsjett med store endringar

Kommunestyret vedtok den 18. juni revidert budsjett for 2020. Koronaviruset har ført til at det vert store endringar i budsjettet. Kommunestyret vedtok også korleis kommunen skal bruka «koronatilskot» frå staten til rehabilitering og vedlikehald. Andre saker; rehabilitering av bygg, framtidige utbyggingar i omsorg og årsmelding og rekneskap for dei gamle kommunane

Gull til «Gøy med gull i tanngarden»



På det siste kommunestyremøtet før ferien vart det klart kven som gjekk sigrande ut i strilahaiu-konkurransen. Like etter lunsjpausen i kommunestyret kunne redaktør i Vestnytt, Marit Kalgraf overrekkja førstepremien til Halvor Skurtveit for «Gøy med gull i tanngarden, sa strilen og gliste». Andre plassen gjekk til Magnus Torvik, medan Marta Algrøy Misje fekk tredjepremie. Elevkonkurransen vart vunnen av Synniva Straume Husnes og Elise Ekerhovd Andersen.